



Sak 06.18 Vår drøymegudsteneste

Innleiing

«Eg vil ha noko som fangar min merksam, noko som gjer at eg følgjer med, spesielt i preiketeksten. Der hadde det vore fint om presten pratar om noko som inspirerer eller motiverer meg, og at han då har eit konkret svar på bodskapet. Kva er meininga med at vi høyrer dette, og korleis kan vi bruke det som presten har sagt i våre kvardagar?» Jente (16 år)

Barn og unge sitt fyrste møte med gudstenesta er ofte ei stor utfordring. Så mykje av det vi opplever i kyrkja er annleis enn det vi opplever og omgjev oss med til kvardags. Terskelen inn i gudstenesta er høg, sjølv om mykje er gjort for å «høvle» den ned.

Ungdommens bispedømmemøte i Tunsberg 2018 (UBDM 2018) har hatt oppe som sak korleis vi kan involvere ungdommen i kyrkjelydane i arbeidet med gudstenester. Vi vil vite kva ungdommens drøymegudsteneste er, og kva som skal til for at dette skal gjennomførast. Kva skal til for at ungdommen føler seg velkomen i kyrkja? Rett og slett: Kva er di drøymegudsteneste, eller rettare sagt, vår?

Avgrensing:

I plenumsbehandlinga av denne saka blei det spurd om desse tankane gjeld alle gudstenester, eller berre spesifikt ungdomsgudstenestane. Komiteen tenkjer at innspela frå UBDM 2018 er gode og nyttige i møte med all slags gudstenester. Sjølv sagt gjeld det òg for særskilde ungdomsgudstenester.

Vi har ikkje teke for oss andre samlingar og aktivitetar i kyrkjelydane våre.

Kva er viktig for at ungdommen skal føle seg velkomen i kyrkja?

Det mest grunnleggande verkemiddelet for å få ungdom til å kjenne seg velkomen i gudstenesta er at det finst andre ungdommar i kyrkja i utgangspunktet.

Vidare er det viktig at ungdomane blir møtte av nokon som dei kjenner og har ein relasjon til – Ein person som har brukt tid saman med ungdomane utan å nødvendigvis ville ha dei til å gjere noko.

UBDM 2018 meiner at det som hender i gudstenesta, må / skal gjerast på eit språk som ikkje stenger ungdomane ute. Vi tenkjer òg at det er viktig å huske på at ingen, korkje ungdom eller vaksne, forstår det som skjer i gudstenesta utan å få det forklart. Om ein vert sitjande åleine som ein rein tilskodar, skal det mykje til for å kjenne seg inkludert.



DEN NORSKE KIRKE

Ungdommens bispedømmemøte i Tunsberg

Ein av dei viktigaste oppgåvane til kyrkja er å gje ungdomane ei ny grunnforteljing om seg sjølv, og gjere det med ei slik kraft og ein slik myndigheit at dei til slutt lar seg overtyste – og klarar å gå nokre skritt vidare likevel. «Du er sterkare enn du trur. Du har mykje i deg som trengs i verda. Du er verd noko. Du er viktig. Du kjem til å klare deg».

Korleis kan vi flette ungdommen inn dei forskjellige gudstenesteledda?

UBDM 2018 meiner at det er viktig å hjelpe dei som kjem på gudsteneste, å forstå kvifor rekkefølga i dei fleste gudstenester er som den er. Det er ikkje lenger sjølvstøtt at alle veit korleis eller kvifor vi gjer det vi gjer i dei forskjellige gudstenesteledda.

Vi meiner at det er viktig å gjere det mogleg for ungdom i kyrkjelyden å få og ta ansvar for gudstenester, og samstundes få hjelp til å klare det ansvaret ein har fått. Ungdomane lyt få rom til å eie det som skjer. Det betyr òg at kyrkjestaben og dei vaksne må trekkje seg attende og gje ungdomane rom og tillit.

Preika må vere relevant, og handle om det ungdom er opptekne av. UBDM 2018 rår prestar og predikantar om å trekke inn daglegdagse ting, og noko ungdom kjenner seg att i preikene.

Det er òg viktig at dei som leier gudstenestene viser med heile seg at dei trur på det dei fortel om. Vi tenkjer at til dømes biskopen vår, Per Arne Dahl har vore eit godt eksempel på dette.

UBDM 2018 meiner at alle som arbeider med gudstenestene i kyrkja vår, må leite etter den gode likevekta mellom å gjere liturgiske ledd enklare, utan at dei mister innhald.

Kva er så UBDM 2018 sin drøymegudsteneste?

Gudstenestelengd og -frekvens

Eit av spørsmåla vi har diskutert, er lengda på ei gudsteneste som er god for ungdom. Er den lengda vi har på gudstenester i dag for lang, for kort eller passe? Sjølvstøtt avheng mykje av kva slags element som er med. Få av delegatane på UBDM 2018 er opptekne av om det er for mykje med t.d. dåp og nattverd i same gudstenesta. Om det som skjer er spanande og bra, toler også ungdomane at gudstenesta er lengre.

Når det gjeld kor ofte det bør vere gudsteneste, verkar det meir viktig at gudstenestene er gode enn at dei er kvar veke.



DEN NORSKE KIRKE

Ungdommens bispedømmemøte i Tunsberg

Musikalsk preg

Mange av dei som gav tilbakemelding ynskjer seg eit anna preg på musikken i gudstenesta. Kyrkjeorgelet synast å vere lite populært mellom delagatane, som jamt over ynskjer seg fleire instrument i gudstenesta, og gjerne forsongarar der det er mogleg. Band er alltid bra. Nokre ynskjer seg at ein kan bruke andre songar enn dei som finst i salmeboka. Døme på dette kan vere gospel og anna opplyftande musikk. Alt i alt, synest det som om det er viktigare å nytte musikken ein allereie har, på ein god – eller kul – måte, enn å få inn nytt.

Liturgisk uttrykk

Ungdomane ynskjer å vere med på å velje ut kva for bønner som skal nyttast i gudstenesta. Dét er like viktig som å skrive bønner. Mange på UBDM 2018 pekar på kor viktig det er med eit språk som både rører med kvardagen vår, og samstundes har rom i seg til å forklare dei gamle, tidlause orda. Det er ikkje berre enkelt med gudstenestereforma som opna opp for meir lokale gudstenesteuttrykk i dei lokale ordningane.

Prestens oppgåve

Ungdomane på UBDM 2018 legg stor vekt på rolla til dei som leier gudstenesta. Vi ynskjer oss leiarar som nyttar eit språk som folk kan kjenne seg att i. Når leiarar bruker humor og sjølvironi, kan det vere ein god måte å gjere kyrkjelyden trygge og få dei til å trivst. Vi ynskjer at presten nyttar enklare ord så alle kan forstå; det er godt med ein prest som er «ned på jorda», og som ikkje pratar over hovudet til dei unge. Det er innanfor å nytte humor! Bodskapen må vere tydeleg, og det er godt med samarbeid mellom presten og grupper med ungdomar. Likeeins er det viktig med ein god dialog mellom arbeidarar i kyrkja.

Det er godt når ein skapar trygge rammer rundt midlinga av bibelteksten. Gjerne med drama, rollespel, eller bibelpantomime. Den som fortel teksten må gjere det slik at kyrkjelyden kan sjå for seg det som skjer i teksten. Ungdomane på UBDM 2018 er positive til å nytte visuelle hjelpemiddel som gjer det lettare for ungdom å fylgje med på det som skjer. Døme på dette kan vere bilete eller videosnuttar på storskjerm som synleggjer forteljinga. Andre dømer kan vere dans eller som før nemnt, drama. Det som visast må i alle høve vere relevant i gudstenesta.

Konklusjon

Gudstenesta må vere inkluderande, relevant for livet til den einskilde, og engasjerande. Vi ser at det ungdomane ber om liknar mykje på det som kom fram i saka om liturgi og musikk i gudstenesta frå 2015 (UBDM sak 05/15)



DEN NORSKE KIRKE

Ungdommens bispedømmemøte i Tunsberg

Å forkynne er å få fram samanhengen mellom bibelens røyndom og vår kvardag slik at det blir relevant for dei som høyrer på. Når presten knyt forteljingane om Jesus saman med våre liv og gjer forkynninga dagsaktuell, skapar dette også gjenkjenning, og gjer det heile lettare å forstå.

Gudsteneste handlar djupast sett om å formidle det vi treng for å leva. Gjennom å synleggjere denne midlinga mest mulig, gjer vi òg gudstenesta meir engasjerande, både for dei som tek del og dei som lagar ho.

Oppmodingar til kyrkjelydane

UBDM 2018 oppmodar kyrkjelydane til å:

- Leggje fleire gudstenester til seinare på (sun)dagen enn klokka 11.
- Leggje seg lengda og innhaldet på gudstenester til sinns.
- Nytte fleire instrument i gudstenestane, og ikkje berre orgel.
- La ungdomar være med på planlegginga av dei gudstenestene dei skal ta del i.
- La ungdomar ha eit ord med i laget på kva slags musikk som veljast til gudstenestane.
- Bruke lokale kor, der slike fins.
- Finne ungdomar som kan spille instrument og som vil ta del i gudstenestane.
- Det trengst kyrkjemusikarar som òg er vande med rytmisk musikk og bandleiing.
- Ungdomane ynskjer seg òg komfortable stoler og gratis mat og drikke i samlingane!

Oppmodingar til bispedømerådet

UBDM 2018 oppmodar bispedømerådet til å halde fram med å arbeide for plassen åt ungdomane i kyrkje og gudstenesteliv.

Vi ungdomar er ikkje berre framtida til kyrkja – vi er kyrkja.